



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

# Reglar for skogbruksaktivitet i vernskogen i Forsand kommune

*Fastsett av Fylkesmannen i Rogaland september 1996 med heimel i §§ 32 og 33 i lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965 og vedtak i Rogaland Fylkeslandbruksstyre 03.02.94. Reglane er utarbeidd i samsvar med gjeldande forskrifter og rettleiinga frå Landbruksdepartementet om forvalting av vernskog (M-0618).*

### Innleiing

#### § 1-1 (formål)

Formålet med reglane er å sikre at vernskogfunksjonen blir ivaretatt samtidig som næringsverksemd kan drivast i den grad det er forsvarleg. Dei skal verke avklarande for aktiviteten i vernskogen.

#### § 1-2 (virkeområde)

Reglane gjeld for vernskogen i Forsand kommune, jfr. vedtak i Rogaland Fylkeslandbruksstyre 03.02.94. Her fastsette ein vernskoggrensa til i hovudsak å følgja høgdekote 400 m.o.h. i ytre strok og går opp mot 500 m.o.h. i indre strok. I områda Vindalen sør for Tørrejuvet, Daladalen, nordvest- sida av Fylgjesdalsvatnet og Oaland-Haukelibrynet er grensa 450 m.o.h.. All skog over denne grensa er vernskog. Mindre justeringar omkring dette nivået kan kommunen gjere i oversiktsplanen for skogbruket.

#### § 1-3 (sakshandsaming)

Kommunen som skogoppsyn står for sakshandsaming og skal ha melding om hogst. Kommunen vedtek om hogst kan gjennomførast eller ikkje.

### Skogkultur og hogstføring

#### §2-1 (meldeplikt)

Flatehogst større enn 2 daa skal meldast til skogoppsynet i kommunen seinast 3 veker før hogsten blir sett i gang. Om kommunen ikkje godkjenner hogsten, skal grunneigar ha melding om dette så snart råd er, eller seinast 1 veke før hogsten er tenkt sett i gang. I slike høve skal skogoppsynet i kommunen grunngje årsakane til at godkjenning ikkje vert gitt, eventuelt kome med justeringar som gjer godkjenning mogleg. Får grunneigaren ikkje svar frå kommunen, er hogsten å rekna som godkjent. Kommunen sender kopi av meldinga til Fylkesmannen. Unnateke meldeplikta er hogst av ved til eige husbehov. Med husbehov meinast her ved til husvære på eige gard og hytter til eige bruk. For anna vedhogst gjeld meldeplikt som elles. Kommunen sitt vedtak om godkjenning gjeld i 2 år. Etter dette må hogst meldast på nytt.

#### § 2-2 (hogstføring)

Det skal setjast att eit urørt belte skog øvst i bar-/lauvskogen. I dette området er det ikkje tillate med noko form for hogst og uttak av virke. Dette gjeld frå tregrensa og 50 m rekna vertikalt ned mot grensa for produktiv skog på økonomisk kartverk. Av klimatiske og miljømessige årsakar skal det alltid sparast eit belte med urørt skog mot snaufjellet også i dei tilfelle der den produktive skogen går heilt opp til snaufjellet. Ein kan tillate hogst av ved til husbehov også i det uproduktive beltet.

Fylkesmannen/ administrasjonen	Kommunalavd.	Sosial- og familieavd.	Miljøvernadv.	Beredskapsavd.	Landbruksavd.
Telefon 51568700 Telefax 51568811	Telefon 51568700 Telefax 51568811	Telefon 51568700 Telefax 51568877	Telefon 51568700 Telefax 51529027	Telefon 51568700 Telefax 51525190	Telefon 51856800 Telefax 51895551

### § 2-3 (*flatestorleik*)

Maksimal flatestorleik er 10 daa. Om flata ligg inntil eigedomsgrensa skal ein setja att eit belte med skog tilsvarande ei trehøgde mot naboen. Om ein høgg fleire flater skal minste avstand mellom dei vere 2 trehøgder. Flata kan ikkje utvidast før den nye skogen har nådd ei høgde på 2 m og ein har tilfredsstillande tettleik. Ved "fjellskoghogst<sup>1</sup>" kan ein tillate at foryngingshogst blir gjennomført på eit større areal, ikkje over 10 daa, men skogoppsynet i kommunen skal kontrollere at forynginga blir tilfredstillande.

### § 2-4 (*forynging*)

Ved planting skal ein i hovudsak nytte stadbundne treslag og proveniensar. Andre treslag og proveniensar kan godkjennast av skogoppsynet i kommunen, men dei skal då vere serleg godt tilpassa lokalklimaet.

## **Vegbygging**

### § 3-1 (*planlegging og godkjenning*)

Kommunen skal ved handsaming av vegsaker ta omsyn til vernskogen i utforming og omfang av dekningsområde, vurderingar av ståande volum og vegtrasé. Ved utforming av vegtrasé bør ein leggja vekt på å unngå kaldluftstraumar som kan auke frostfaren i forynginga nedanfor. Ved godkjenning av veg i vernskog skal ein legge vekt på at desse omsyna er tatt med i planlegginga, og på denne måten sikre at skogsdrift i området skjer i samsvar med reglane for skogbruksaktivitet i vernskogen i Forsand.

## **Tilskott**

### § 4-1 (*førehandsgodkjenning*)

Tildeling av tilskot til skogbrukstiltak i vernskog vert berre gitt etter førehandsgodkjenning av skogoppsynet i kommunen. Tilskott til treslagsskifte til framande treslag vert ikkje gitt.

## **Avsluttande føresegner**

### § 5-1 (*dispensasjon*)

Fylkesmannen i Rogaland kan dispensere frå desse reglane.

### § 5-2 (*klage*)

Vedtak etter desse retningslinene fatta av skogoppsynet i kommunen kan pålagast til Fylkesmannen.

### § 5-3 (*brot*)

Den som forsettleg eller uaktsamt bryt eller medverker til brot av desse reglane, kan miste rett til blinking i eigen skog. jfr. skogbrukslova § 15.

### § 5-4 (*ikraftsetjing*)

Desse reglane tek til å gjelde frå 1. januar 1997

**Vedlegg:** Skjema for melding av hogst i vernskog

---

<sup>1</sup> Med fjellskoghogst meiner ein hogst som tek omsyn til tilhøva i fjellskogen. Det kan vera gjennomhogst, gruppehogst og småflater. Ved hogstføringa ser ein eit større område under eitt. Forynging kan vera planting eller naturleg, eller ein kombinasjon av desse.